

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 31.01.2007
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 01.12.06 - 31.01.07**

Styresak 003/07 O

Styremøte 14.02. 2007

Administrerende direktør si orientering pkt 16

Oversikt over nye aktuelle lovar og lovendringar i perioden 01.12.06 – 31.01.07

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov av 30.06.06 nr 45 om endringar i psykisk helsevernloven og lov om pasientrettar mv	18.12.06	Formålet med endringane er å gi tydelegare reglar om pasientrettar for psykiatriske pasientar. Reglane skal mellom anna gjere det lettare å gi helehjelp for psykiske lidningar til born som er under barnevernet si omsorg. Dei nye reglane klargjer også at det er mogleg å tvangsernære pasientar med alvorleg spiseforstyrrelse. Lova trer i kraft frå 1. januar 2007.
Lov av 22.12.06 nr 99 om endringar i lov om pasientrettar og biobanklova	22.12.06	Endringane gjeld regulering kring helsehjelp til personar utan samtykkekompetanse. Lovendringa ter i kraft frå 1. januar 2007.
Lov om endringar i helsepersonel-lova mv	22.12.06	Lovendringa inneber krav om politiattest for visse typar helsepersonell. Lovendringa vil ikkje tre i kraft før 01.04.07 fordi endingane krev førebuingar og informasjon til framtidige arbeidsgivarar og organisasjonar.

Oversikt over nye aktuelle forskrifter og forskriftsendringar i perioden 01.12.06 – 31.01.07

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om bruk av skjerming i institusjoner i det psykiske helsevernet.	18.12.06	Forskrifta regulerer vilkår for og den nærare gjennomføringa av skjerming for å bidra til å sikre at tiltaket blir nytta på forsvarleg måte og i samsvar med grunnleggjande rettstryggleiksprinsipp. Vidare skal forskrifta bidra til å sikre at pasientane sin integritet blir respektert. Forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2007.
Forskrift om	18.12.06	Forskrifta regulerer korleis etablering og opphør av tvungent

etablering av tvungent psykisk helsevern.		psykisk helsevern skal gjennomførast. Endrar tidlegare forskrift frå desember 2000. Forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2007.
Forskrift om endring i forskrift om undersøkelse og behandling uten eget samtykke.	18.12.06	Dette er ein samleforskrift som gjer endringar i mange forskrifter som følgje av endringar i lov.
Forvaltningsforskriften	19.12.06	Forskrifta gir fråsegner som utfyller, presiserar og gjer einskilde unnatak frå forvaltningslova.
Ny forskrift om offentlege innkjøp	21.12.06	Det nye regelverket for offentlege innkjøp blei sett i verk frå 1. januar 2007. Det nye regelverket er tenkt å gi større fleksibilitet og effektivitet for offentlege innkjøparar. Elektroniske kommunikasjonsmiddel blir likestilt med tradisjonelle innkjøpsmetodar, og alle innkjøp vil kunne bli gjennomført ved bruk av elektroniske middel. Vidare blir det innført egne reglar om gjennomføring av elektroniske auksjonar og rammeavtaler samt ein egen prosedyre for spesielt kompliserte innkjøp (konkurranseprega dialog). Den nye forskrifta innfører ein plikt til å skrive protokoll for alle innkjøp over 100 000 kroner. Ved innkjøp over dette beløpet blir det også stilt krav om at alle tilbydarar leverer skatteattest, og at den leverandøren som får kontrakten leverar godkjent HMS-egenerklæring. Samtidig vil også nye fråsegner om overtredingsgebyr mot ulovlege innkjøp tre i kraft. Dette inneberer at oppdragsgivarar kan bli straffa med eit gebyr på inntil 15 % av innkjøpsverdien dersom kunngjeringsplikta blir broten.
Forskrift om godtgjørelse av utgifter til legehjelp som utføres poliklinisk ved statlige helseinstitusjoner og ved helseinstitusjoner som mottar driftstilskudd frå regionale helseforetak.	22.12.06	Endringar i dei aktivitetsbaserte finansieringsordningane som er omfatta av forskrifta trer i kraft 01.01.07 i tråd med budsjettinnstilling 1 (2006-2007).
Forskrift om stønad til dekning av utgifter til undersøkelse og behandling i private medisinske laboratorie- og røntgen-virksomheter.	22.12.06	Endringar i dei aktivitetsbaserte finansieringsordningane som er omfatta av forskrifta trer i kraft 01.01.07 i tråd med budsjettinnstilling 1 (2006-2007).

Blodforskriften	22.12.06	Det er gjort endringar i blodforskrifta som i hovudsak inneberer følgjande: Det blir innført ytterlegare krav til identifikasjonssystem kor blod kan bli spora frå blodgivar til mottakar og omvendt uavhengig av kva blodet skal nyttast til. Det blir stilt krav om etablering av eit nasjonalt blodovervakingsystem kor ein skal melde frå om alvorlige biverknader og alvorlige uønska hendingar. Det er fastsett detaljerte krav til kvalitetssystem i blodbankar. Endringane trer i kraft frå 1. januar 2007.
-----------------	----------	--

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 01.12.06 – 31.01.07

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Pasienttransport. Oppdrag til regionale helseføretak om overføring av administrasjon av enkeltoppgjjer.	15.12.06	HOD vil gi eit oppdrag til dei regionale helseføretaka om å utgreie modell for framtidig organisering av administrasjon av enkeltoppgjjer for pasienttransport. I samsvar med styringsmodell vil dette formelt skje i føretaksmøta, men gitt dei tidsfristane som vil gjelde har HOD funne det hensiktsmessig å initiere oppdraget ved eige brev.
Føretaksmøte Helse Vest RHF	22.12.06	I føretaksmøte godkjende eigar sal av eigedomen Brattåsveien 10A og 10B (Helse Stavanger) og eigedomane C. Sundstgt 57, Olav Bjordalsvei 8 og Olav Bjordalsvei 29 (Helse Bergen), jf. administrerande direktør si orientering pkt 1.
Oppdragsdokument 2007	11.01.07	Helse- og omsorgsministeren har lagt fram oppdragsdokumenta til dei regionale helseføretaka for 2007. Sjå eiga sak.
Oppdragsdokument 2007. Tilleggsdokument vedrørande avtaleordning for helse- og rehabiliteringstenester.	31.01.07	Det skal innførast ein ordning for helse- og rehabiliteringstenester for å bringe personar som mottek sjukepengar, raskare attende til arbeidslivet. Dei regionale helseføretaka skal setje i verk og gjennomføre avtaleordning for helse- og rehabiliteringstenester i tråd med dei gitte føresetnadene.